



KVINNHERAD
K O M M U N E

Seksjon forvaltning

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar

Synneve Skei

Tlf. direkte innval

901 46 818

Vår ref.

2019/826-6

Dykkar ref.

«REF»

Dato

19.06.2019

Internt brev - innkomne innspel - revidering av Mauranger vassdrag

Avsender	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
Magne Øyre (Munnleg innspel)	Minstevassføring i Øyreselva. Før utbygging 1200 liter/sek	Svært viktig	Dagens krav er 300 liter/sek
	Terskelbygging i Øyreselva	Svært viktig	Få opp fiskebestanden
	Terskelbygging i Austrepollselva. Mest uttørka	Svært viktig	Få opp fiskebestanden
	Stabilisera vass-spegelen i Goddalsvatnet og Bondhusvatnet. Estetisk ikkje fint Fisk	Svært viktig	Stabilisering av vass-spegelen for å gi fisken eit godt miljø.
	Turstiar til Botnane og Botnabreen haldast ved like	Viktig	Turistane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Anleggsvegane til Statkraft bør haldast i god stand. Løysing: asfaltering	Viktig	Avrenning frå grusvegane til elva må utbetrast for å trygge levekåra for fisk. Betre tilgjenge for ålmenta.
	Heilt tørrlagte fossar: Brufossen, Sundefossen	Viktig	Må vurdere om ein kan/bør tilbakeføra vassføringa i fossane.
Johannes Bondhus	Minstevassføring, terskelbygging og hydrologiske forhold	Svært viktig	Dagens krav for alle regulerte vassdrag

Avsender	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
	Anleggsvegane til Statkraft bør haldast i god stand. Løysing: asfaltering	Viktig	Avrenning frå grusvegane til elva må utbetrast for å trygge levekåra for fisk. Betre tilgjenge for ålmenta.
Innbyggjarane i Austrepollen	Austrepollselva		
	Minstevassføring i Austrepollselva	Svært viktig	Dagens krav er 300 liter/sek
	Plastring av Austrepollselva for å få mest mulig ut av minstevassføringa	Svært viktig	Betre vilkår for fisken og planteliv
	Vedlikehald av tiltaka i elva	Svært viktig	Ivareta minstevassføringa og få opp fiskebestandet
	Fast mønster på utsetting av rogn i elva	Svært viktig	Få opp fiskebestanden
	Fangdam lengre oppe i elva for å fange opp stein	Svært viktig	Vil vera eit miljømål å førebygge mot ras og erosjon
	Mysevann og Rednedalsområdet		
	Opprustning av veg opp til Rednedalsvatnet	Viktig	Turistane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Drensvatn fra grøft i Mysevannstunnelen kan førast langs med vegen ned mot Rednedalsvatnet (ca. 500 m)	Viktig	Turistane skal kunne nytta vegane. Friluftsliv-aspekt
	Alle grunneigarar bør ha kvar sin nøkkel til porten		Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Ved stort overløp ved Dam Mysevatn bør dette kunne nyttast av Småkraft og grunneigar	Viktig	Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Informasjon om kva som skjer med linjetraseen Mauranger kraftverk	Relevant	For grunneigarane og samfunnet
	Statkraft må gi meir økonomiske midlar		Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Sommarvikarar frå Mauranger bør få jobb ved kraftverket og utlysast i lokal avisene i Kvinnherad	Ikkje relevant	
	Overføring av leing til Tyssedal tapar Kvinnherad kommune mykje på. Mykje av varer og tenester vert kjøpt i Odda	Ikkje relevant	

Avsendar	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
Bondhus grunneigarlag	Bondhus grunneigarlag ber kommunen søkje NVE om vilkårsrevisjon.	Svært viktig	Det er dette prosessen dreiar seg om.
	Leggje til rette for turiststraumen på godt tilrettelagde stiar og vegar, slik at slitasjen på natur og terreng vert mindre	Svært viktig	Minst mulig fotavtrykk i naturen er eit mål.
	Førebyggje for klima endringar med våtare og villare vær. Flaum og erosjon	Svært viktig	Vil vera eit miljømål å førebygge mot flaum og erosjon.
	Ryddar opp forureining frå anleggstida. Innkapsling og sanering av deponia for å hindre lekkasje frå dei.	Viktig	Forureinar må rydda opp, jfr. Forureiningslova § 28 God skikk og bruk
	Minstevassføring i Austre- og Nodrepollselva	Svært viktig	Dagens krav 300 liter/sek
Nordrepollen Grendalag	Førebyggje for klima endringar med våtare og villare vær. Flaum og erosjon	Svært viktig	Vil vera eit miljømål å førebygge mot dette.
	Minstevassføring i Øyreselva. Sette opp terskel og få opp fiskebestanden	Svært viktig	Betre villkår for fisken
	Rydder opp langs elva og halde tilsyn	Svært viktig	Førebygge mot flaum og erosjon
	Betre løysing for sauegjerdar ved Jukladammen	Viktig	Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Normal vannstand i Godalsvatnet	Svært viktig	Stabilisering av vass-spegelen for å gi fisken eit godt miljø.
	Utbetring av rekkeveg for beitedyr	Viktig	Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Tilbakeføring av beiteområde ved steintipp ved Jondalstunellen.	Viktig	Forhandlingsgrunnlag med grunneigarane
	Rydder vekk restar etter anleggsarbeidet ved Kvitnadalsvatnet og Svartedalsvatnet. Fjerning av ein båt som ligg inne ved Svartadalsvatnet	Viktig	Forureinar må rydda opp, jr. Forureiningslova § 28
	Sikring av fjellveg	Viktig	Turistane og grunneigarane skal kunne nytta vegen. Friluftsliv-aspekt
	Auka turisme har ført til forsøpling av rasteplass i Nordrepollen	Viktig	Forhandling med fleire ansvarshavande
	Ynskje om sponning av grendahus i området		Forhandlingsgrunnlag

Avsendar	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
Kvinnherad og Hordaland Turlag	Overføring av to vatn frå Pyttafloene til Mauranger kraftverk» og «Overføring av Middagsvatnet» ikkje må takast opp att, då desse vil vere konfliktfylte i høve allmenne interesser.	Svært viktig	Dei nemnde vatna som er urørde bør liggja i fred
	Oppmoda regulanten om å gjera greie for moglege optimaliseringstiltak (oppgraderingar, td. oppgraderingar av teknologi, nye aggregat, nye turbinar, strossing av tunellar) som er råd å gjennomføra på anlegget.	Svært viktig	Vil føra til eit betre miljø og utnytting av ressursane
	Avbøting av skadar kan gjera det mogleg å restaurera og sikra den gamle ridevegen frå Gjerde, Austrepollen og til fonna som verdifullt kulturminne.	Viktig	Turistane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Sommarsti opp Rednedalsskaret frå Rednedalsvatnet bør sikrast og betrast. Stien som utbyggjaren har lagt på austsida av Rednedalsskaret, treng betre sikring.	Viktig	Turistane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Betre merking, klopplegging og sikring av stien som fører mot Botnabreen.	Viktig	Turistane og grunneigarane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Terskel ved Godalsvatnet bør vurderast for å sikra ein betre vasspegel med omsyn til landskapet.	Svært viktig	Godt miljømål å sikra dette estetisk og for miljøet til fisken
	Andre stiar og ruter i området som er påførte skadar og ulemper i samband med utbygginga, bør takast opp i revisjonssaka. Dette gjeld t.d. stien langs Mysevatnet, særleg innanfor staden der denne kryssar Bagdalen. Her er det etter reguleringa laga ein forbygning av treverk for at	Viktig	Turistane og grunneigarane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt

Avsendar	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
	brukarar skal kunna passera eit utoverhangande berg. Denne forbygningen må styrkjast og haldast ved like.		
	Vedlikehald av bruer på innsida av Bondhusvatnet bør gjerast jevnleg	Viktig	Turistane og grunneigarane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Vidare bør stien frå nordsida av Svartedalsvatnet i retning nordsida av Svartedalen (beitet)utbetrast og sikrast.	Viktig	Turistane og grunneigarane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt
	Tippen ved Midtre Kvitnadalsvatnet er skjemmande og bør arronderast. Restar etter linja frå Svartedalen til Midtra Kvitnadalsvatnet bør fjernast.	Viktig	Forureinar må rydda opp, jr. Forureiningslova § 28
	Trong for utbetring og vedlikehald av anleggsvegar i samband med utbygginga for å betra allmenn tilgang til desse. Sikra med autovern langs vegen til Krokaksla og vurderer å byggja eit utsiktspunkt der. Dette vil trekkja til seg turistar og andre besøkjande.	Viktig	Turistane skal kunne nytta dei. Friluftsliv-aspekt Tips til forhandling
	NVE må gjennomføre ei heilskapleg analyse av berørte vassdrag med omsyn til naturmangfald, og samanheng mellom berørte vassdrag og fjordsystem.	Svært viktig	Det er dette prosessen dreiar seg om.
	Minstevassføring i Austrepolluelva og Øyreselva for å bedre forholdene for sjørret	Svært viktig	Betre vilkår for artsmangfaldet
	I den nasjonale rapporten vart det også føreslått: «Magasinrestriksjoner i Mysevatn og Svartedalsvatn av hensyn til landskap og friluftsliv». Er magasintapping, magasinfylling og magasindriften av ein slik karakter at det er skjemmande for landskapet? Kan ein finna eit meir optimalisert driftsregime?(Uønskte flaumar i Bondhuselva kan vera ei følgje av uheldig drift.)	Svært viktig	Godt miljømål å sikra dette estetisk, for miljøet til fisken og for å førebygge mot naturøydeleggingar
	Allmenne interessene, vert prioritert.	Viktig	Friluftsliv-aspekt

Avsendar	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
	Ynskje om medverknad i konsesjonsprosessen	Svært viktig	Alle innspel vert teke med i prosessen
	Orientera Vassregionmyndigheit i Vassregion Hordaland v/ Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren med kopi av kravdokumentet.	Svært viktig	Ein del av prosessen av revideringa
	Kvinnherad kommune bør kontakta Jondal kommune og Ullensvang herad (i framtida: Ullensvang kommune) med tanke på samarbeid for å fremja krav om revisjon av Mauranger-verka som har anlegg i begge kommunar.	Svært viktig	Alle nemnde kommunar er kontakta. Heilskapleg planlegging viktig for å nå miljømål i alle vassførekomstane
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	Bruk av eksisterende kunnskap om hva som skal til for å forbedre gyte- og oppvekstsvilkår og tilgjengelig habitat i elvene og at dette er et viktig bidrag for å sikre at den samlede lasten for lakse- og sjøaurepopulasjonene i Hardangerfjorden ikke blir for høy.	Svært viktig	Ein del av prosessen av revideringa
	Støtter uttale frå Bergen og Hordaland turlag	Sjå kommentarar ovanfor	

Svært viktig
 Viktig
 Relevant
 Ikkje relevant

Med helsing

Synneve Skei
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.